

---

Til: Hovudutval for næring

---

Frå: Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling

---

Orientering om arbeidet med Handlingsprogram 2022-20225 for Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

### Om planen

16. juni 2021 vedtok fylkestinget Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Denne saka syner status pr. 24. september i arbeidet med det første fireårige handlingsprogrammet og årsplan for 2022 for oppfølging av planen.

Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv (2021-2033). Den har eitt hovudmål og mål for kvar av dei fire satsingane.



### Handlingsprogram og årsplanar

Planen blir konkretisert gjennom firårige handlingsprogram og årsplanar. Eitt firårig handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnarskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå måla. Programmet er eit verktøy for å gi retning, prioritere tiltak og ressursar i åra framover. Den skal forplikte partnerane i fylket og plassere ansvar for gjennomføringa.

Årsplanen gir prioriteringar for 2022.


## Organisering av arbeidet

Den regionale planen er for heile fylket. Vestland fylkeskommune er planmynde og har, ved fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling, ansvar for å koordinere arbeidet med handlingsprogrammet og årsplanen.

Arbeidet er forankra i allereie etablerte strukturar og prosessar, så langt dei finst. Argument for denne måten å organisering arbeidet på, er at rapportane frå arbeidsgruppene som vart sett ned for å gi innspel til planen hausten 2020 gir eit godt grunnlag for å utvikle tiltak. Vidare kom det som del av høyringa ein del innspel til handlingsprogrammet for 2022-2025. Ei organisering bidrar også til brei medverking og til å styrke samarbeidsplattformer for gjennomføring av planen.

Næringsforum Vestland er styringsgruppe. Dette er i tråd med den sentrale rolla Næringsforum er gitt i planen med å sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til næringsutvikling i fylket, her under samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

Det er etablert ei prosjektgruppe i Avdeling for innovasjon og næringsutvikling, som har den daglege koordineringa og sikrar bidrag frå ulike aktørar og arbeidsgrupper. Gruppa har medlem frå alle fagseksjonane i avdelinga. Tilknytt prosjektgruppa er det ei ressursgruppe for resultatmåling og evalueringssystem, for det meste med deltaking frå avdelinga.



Figur 1: oversikt organisering

## Status i arbeidet

Arbeidsprosessane knytt til dei fire satsingane er godt i gang. Det vert jobba med delmål og tiltak for kvar av satsingane. Ressursbehov, organisering og kven som har ansvar for å sikre at tiltak vert gjennomført er del av bestillinga.

I midten av oktober vil bidrag frå desse prosessane danne grunnlag for dialog om prioriteringar og innretning på handlingsprogrammet og årsplanen med sentrale aktørar.

### Næringsforum Vestland

På møte 24. september fekk Næringsforum Vestland presentert status for arbeidet med å konkretisere planen. Næringsforum ga sin tilslutning til arbeidsmetoden det er lagt opp til.

Tema for drøfting var korleis Næringsforum kan sikre at partnerane bidreg til å følgje opp prioriterte tiltak og sikre at måla for handlingsprogram og årsplan vert nådd. Sentrale innspel som vert tatt med i det vidare arbeidet er:

- Partane i Næringsforum må alle forplikte seg til å nå måla og mobilisere for samordna innsats.
- Handlingsprogram og årsplan må fungere som styringsdokument for Næringsforum, med ansvarsfordeling, milepålar og system for resultatoppfølging

- Behov for å operasjonalisere måla og velgje ut nokre sentrale indikatorar for å overvaka utviklinga i fylket sett opp mot måla som er sett for perioden.

Det blir nytt møte i Næringsforum i midten av oktober.

### ***Grøn næringsutvikling***

Målet for denne satsinga er «Eitt næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030».

Det handlar både om den store omstillinga for å tette eksportgapet og korleis forme om næringslivet i heile fylket til ei berekraftig, grøn framtid.

Prosjektet Grøn region Vestland, som er oppfølginga av Vestlandsscenarioa i 2020, har fått i oppdrag å bidra til utforming av satsinga Grøn næringsutvikling. Grøn region Vestland er eit partnarskap mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Noreg.

Prosjektet er i avsluttande fase av dei fire regionale prosessane i a) Sunnfjord, Nordfjord og HAFS, b) Sogn, Hardanger og Voss, c) Sunnhordland og d) Bergensregionen. Prosessane bygger på brei medverking både frå næringsliv, kommunar og andre aktørar i kvar region. Regionale rapportar som skal avdekke moglegheiter og barrierar for grøn næringsutvikling, samarbeidsmoglegheiter og innovasjonsprosjekt med skaleringspotensial er under arbeid. Allereie første veke i oktober vil prosjektet gi eit innspel til handlingsprogram 2022-2025. Innspelet kan også få innverknad på utforming av dei andre satsingane.

Hovudrapporten frå prosjektet som eit sjølvstendig produkt med anbefalingar for heile fylket, vil først vere klar mot slutten av oktober.

### ***Innovative og inkluderande samfunn***

Målet for denne satsinga er: «Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket».

Satsinga omfattar element som utvikling av berekraftige bu- og arbeidsmarknadsregionar, styrke felles kultur og infrastruktur for innovasjon i fylket og like moglegheiter for å delta i verdiskapinga.

For denne satsinga er det etablert ei eiga arbeidsgruppe, leia av seniorrådgjevar Barbara Harterink i Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling. Representantar for sentrale partnarar i fylket og fleire avdelingar i fylkeskommunen er deltek i gruppa. Oversikt over medlemar i arbeidsgruppa er i vedlegg 1.

Satsinga er brei og er delvis overlappande med Kompetanse i arbeidslivet, men også dei andre satsingane. Det kan også vere aktuelt å foreslå nye former for organisering for å følge opp denne satsinga.

### ***Areal til næringsutvikling***

Målet for satsinga er «Rett areal til rett føremål til rett tid».

Satsinga har element som samordning for meir langsiktige og effektive planprosessar, korleis sikre tilstrekkeleg areal for grøn næringsutvikling og meir kunnskapsbaserte planprosessar.

For denne satsinga er det etablert ei eiga arbeidsgruppe, leia av avdelingsdirektør Bård Sandal. Representantar for sentrale partnarar i fylket og fleire avdelingar i fylkeskommunen deltek i gruppa.

Oversikt over medlemar i arbeidsgruppa er i vedlegg 1.

### ***Kompetanseutvikling i arbeidslivet***

Målet for satsinga er «Fleire arbeidstakrar med rett kompetanse».

Det handlar hovudsakleg om korleis sikre arbeidstakrar med rett kompetanse i næringslivet og offentleg sektor og korleis sikre tilgang på arbeidskraft i fylket.

Kompetanseforum Vestland vil gi hovudbidrag til utforming av satsinga Kompetanseutvikling i arbeidslivet. Kompetanseforum Vestland er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i fylket. Det skal mellom anna avdekke kva kompetansegap som finns i arbeidslivet, finne løysingar på korleis desse skal fyllast og setje framtidas kompetansebehov på dagsorden.

På møte i Kompetanseforum 17. september starta arbeidet med å definere delmål for satsinga. 1. oktober er frist for dei lokale samarbeidsarenaene til å kome med innspel til handlingsprogrammet. Stormøte i Kompetanseforum Vestland 15. oktober skal nyttast til å forankre forslag til prioriterte tiltak.

### ***Referansegrupper næringslivsrepresentantar og kommunedirektørar***

Næringsalliansen Vestland organiserer referansegruppa av næringslivsrepresentantar. KS har utnemnd kommunedirektørutvalet KS Vestland som referansegruppe. Arbeidet er ikkje kome langt nok til at referansegruppene er kopla på. Det er planlagt å gjennomføre dialog i midten av oktober.

#### **Andre avdelingar i fylkesadministrasjonen**

Dialog med andre avdelingar i fylkesadministrasjonen vil bli gjennomført i midten av oktober. Fleire avdelingar er også representert i dei to arbeidsgruppene for Innovative og inkluderande samfunn og Areal til næringsutvikling.

#### **Handlingsprogram 2021 for «Berekraftig verdiskaping» har førebuande aktivitetar**

Saman med planen vedtok Fylkestinget eit handlingsprogram for 2021 knytt til den nye planen, men utan tilhøyrande budsjett. Dette handlingsprogrammet har som hovudføremål å sikre utarbeiding av det fleirårige handlingsprogrammet, og skisserer nokre førebuande aktivitetar. Dei fleste av aktivitetane går etter planen. Døme på slike er gjennomføring av prosjektet «Grøn region Vestland», framdrift i arbeidet med «Heilskapleg entreprenørskapsstøtte», gjennomgang av innovasjonsinfrastruktur for næringsutvikling i fylket, etablering av eit EU-nettverk for Horisont Europa i Vestland og avklaring av regionråda si rolle i den regionale partnarskapen. 6. oktober arrangerer KS og fylkeskommunen ein heildagssamling om «Regionråd - roller og samvirke i Vestland».

Oppstart av arbeidet med dei fire temaplanane for forsking, landbruk, reiseliv og breiband og digitalisering er også del av dette handlingsprogrammet. Temaplan for forsking har allereie fått godkjend oppstart i Fylkesutvalet (21.sept.) og er planlagt vedteken i fylkestinget i desember 2021, samtidig med Handlingsprogram 2021. Hovudutval for næring vil få oppstartsak for dei andre temaplanane i haust.

#### **Strategi på korleis fylkeskommunen skal støtte og utvikle næringshagar, inkubatorar og klyngar**

12.3.2020 vart det lagt fram ei sak for hovudutval for næring med tittel "Vestland fylkeskommune sitt engasjement for å gje næringslivet tilgang til nasjonale program for klyngesamarbeid og innovasjon". Der vart der vedtatt at:

*"2. Vestland fylkeskommune skal legge fram ein strategi på korleis fylkeskommunen skal støtte og utvikle næringshagar, inkubatorar og klyngar vidare, og sjå dette i samanheng med andre regionale satsingar."*

Næringshagar, inkubatorar og klynger er viktige verkemiddel for å nå ut til heile fylket, og det er allereie sett i gong ei gjennomgang av innovasjonsinfrastrukturen i fylket (jamfør Handlingsprogram 2021). I tillegg er det nasjonalt sett i gong ein prosess for å sjå på innretninga på program for inkubatorar og næringshagar frå 2023. Difor er det ikkje vurdert som hensiktsmessig å sette i gong ein eigen strategiprosess for dette. Oppfølging vil skje som del av arbeidet med Handlingsprogram 2022-2025.

#### **Vidare tidsplan og politisk behandling**

Oktober vil særleg gå til å konkretisere tiltak og sikre medverking eksternt og internt.

17. november vil Næringsutvalet få Handlingsprogram 2022-2025 og årsplan for 2022 til behandling.

16. - 17. desember vil Fylkestinget gjere endeleg vedtak om Handlingsprogram 2022-2025. Budsjett 2022 vert også vedteken på same møte i fylkestinget. I framlegg til vedtak om budsjett må det kome fram at Årsplan for 2022 vert lagt fram for Hovudutval til Næring til godkjenning i februar.

Vedlegg:

1   Oversikt over medlemar i  
gruppene